

Her kan du ete middag på havbotnen

Ved Lindesnes heilt sør i Noreg ligg det ein undervassrestaurant som har vorte verdskjend. Forskarar har hjelpt til å lage den uvanlege restauranten.

AV SOLVEIG THIIS-EVENSEN | PUBLISERT 28 MAI 2025

Restauranten Under ligg fem meter under havet og har eit kjempestort vindauge der du kan sjå på fisk, maneter og anna liv i sjøen medan du et herleg sjømat.

Forsking gjer restauranten kul

Det er ein litt vill idé å byggje ein restaurant under vatn. Den må tolle veldig mykje for å liggje på havbotnen.

Derfor fekk dei som bygde restauranten hjelp av forskarar.

- Forsking har gjort restauranten vår kul, seier Gaute Ubostad, ein av eigarane.
- Eg blir glad kvar gong eg opnar døra og går ned trappa.

Restauranten Under ligg ved Lindesnes heilt sør i Noreg. (Foto: Shutterstock)

Sjøpølse og algar

Restauranteigarane brukte altså forsking for å finne ut korleis dei kunne lage eit spektakulært bygg som tolte å liggje på havbotnen. Dei kjende arkitektane i Snøhetta teikna det flotte bygget.

Det er som å sitje inne i eit akvarium når du er på besøk. Restauranteigarane ville vere sikre på at det var fisk og anna liv utanfor glaset medan gjestene sat inne og åt, så det vart ekstra spennande å følgje med.

- Ved hjelp av forsking laga vi leveområde som vi veit fisken trivst i. Vi bruker mellom anna lys for å lokke til oss ulike typar fisk til ulike årstider.

Dei har også brukt forsking for å finne ut kva som kan bli til etande delikatesser. Då kan det komme mange overraskinger!

- Vi testar alt som kan fangast i havet, som ulike typar sjøpølse, og vi har tretti ulike algetypar på kjøkkenet, seier Gaute.

Heile verda vil sjå

Serveringsstaden er så spesiell at dei får masse merksemd både nasjonalt og internasjonalt, og dei har vunne fleire priser.

Det amerikanske tidsskriftet TIME hadde Under på framsida og kalla det eit av dei 100 beste stadene i verda i 2019. TV-stasjonen CNN har vore på besøk, og følgjarane på Instagram bikkar snart 75 000. Dei har også fått ei Michelin-stjerne.

Mange menneske har lyst til å ete på Under, og dei reiser til Lindesnes frå heile verda.

– Folk kjem frå New York og Shanghai for å ete på Under. Dei vil skryte av at dei har vore her, seier Gaute.

Skal lage forundringspark ved hjelp av forsking

Gaute og familien hans planlegg også noko veldig spennande som opnar i 2022: Anne-Cath. Vestly Forundringspark i Lyngdal i Agder.

Her bruker dei også forsking for at det skal bli best mogleg for barna å komme på besøk. Familieparken og museet som hører til skal fyllast av opplevingar både ute og inne og engasjere folk i alle aldrar.

Kanskje får du helse på mormor og dei åtte ungane, eller sjølvaste Knerten?

Meldinger ved utskriftstidspunkt 1 juni 2025, 09:29 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.